

---

Saksnr: 2020/39466-23  
Saksbehandlar Inge Døskeland  
Dato: 04.01.2021

---

---

**Til:** Hovudutval for Næring

---

**Frå:** Fylkesdirektør Innovasjon og næringsutvikling

---

### Spørsmål frå Anne G. Hestetun (A) - Newton rom ved VGS

Ang Newton rom ved VGS. Fleire VGS utviklar Newtonrom saman med næringslivet. Eg er kjent med at me i den samanhengen har fått ein søknad frå Kvinnherad. Kan adm bekrefte dette? Korleis er denne blitt handsama og kva er vedtaket? Korleis handsamar fylkeskommunen denne type søknader (på generell basis) og kva kriterier blir lagt til grunn?

### Svar på spørsmål frå Anne G. Hestetun (A) - Newton rom ved VGS

I 2020 vart totalt 49 av 198 søknader om næringsretta utviklingsprosjekt vedtatt delfinansiert av Vestland fylkeskommune. Vedtaka vart gjort av Hovudutval for næring 4. april og 5. november 2020 med basis i Handlingsplan for innovasjon og næring 2020 (HNV2020). Samla søknadssum var kr. 214 mill.. Tilgjengelege søkbare midlar var omlag kr. 30 mill. Fylkeskommunen delfinansiererte dermed i 2020 ei fjerdedel av prosjekta med 14% av omsøkte midlar.

Søknad om delfinansiering av forprosjekt Newton-rom Kvinnherad frå Kvinnherad Næringservice (total prosjektkostnad kr. 250 000) vart sendt fylkeskommunen i april 2020. Søknaden vart vurdert og rangert ut frå kriteria i utlysingstekst og vedtektene innsatsområde i handlingsplanen av eit bredt samansett administrativt fagpanel med fem personar og administrativ leiing. Panelet vurderte prosjektet som «godt», og trakk fram som positivt at Newton rommet skal plasserast i ei bedrift. På grunn av den store søknadsmengda vart det dessverre berre rom for å finansiere dei prosjekta som vart vurdert å treffe «svært godt» på utlysing- og søknadskriteriene.

Newton-konseptet er skapt av og er eigd av den ideelle stiftinga FIRST Scandinavia. Føremålet er å gje barn og unge gode lærings- og meistringsopplevingar med naturfag, matematikk og teknologi. Undervisninga er variert og har fokus på praktiske aktivitetar. Vestland fylke har i dag Newton-rom i Florø og på Voss. Fylkesdirektøren kan ved seinare høve orientere om Newton senter i meir detalj.